

---

Saknr: 2020/35711-1  
Saksbehandlar: Shahnaz Amin Haaq

---

## Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		13.02.2020

## Tilskot til mentor- og traineeordningar

Forslag til vedtak

1. Hovudutval for Kultur, idrett og integrering vedtek forslag til retningsliner for tilskot til mentor- og traineeordningar slik dei ligg føre i saka.
2. Tilskotet er eit viktig verkemiddel for å få synleggjere og utnytte den fagkunnskapen som fagutdanna og høgt kvalifiserte innvandrarar har.
3. Hovudutval for Kultur, idrett og integrering meiner at det for etablerte og vellukka prosjekt kan vurderast støtte til toårige prosjekt, men tek atterhald om Fylkestingets løyving for komande budsjettår.

## Samandrag

Tilskot til mentor- og traineeordninga blei etablert av Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi) i 2014. IMDi har forvalta tilskotsordninga til og med 2019. Tilskotsordninga er overført til fylkeskommunane som del av regionreforma med verknad frå 01.01.2020. Føremålet med ordninga er å betre inkludering av fagutdanna og høgt kvalifiserte innvandrarar i arbeidslivet, slik at dei kan bruke kvalifikasjonane sine. Tilskotet er på 1 mill. kr.

Verksemder i privat eller offentleg sektor kan nytta tilskotsordninga til å etablere og gjennomføre eit mentor- og traineeprogram som styrkjer mangfaldet i bedrifta, slik at dei blir tilført ny kompetanse og nye erfaringar.

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør

Elisabeth Bjørsvik  
seksjonssjef

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

## Vedlegg

- 1 Retningsliner tilskot til mentor- og traineeordningar

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Stortinget har vedteke at fylkeskommunane sitt ansvar på integreringsområdet skal styrkast ved å overføre oppgåver og ansvar på område der fylkeskommunane har ein rolle, særleg innan kompetansepolitikken. Fylkeskommunane skal i større grad bidra til at flyktningar og innvandrarar blir kvalifiserte til å møte regionale behov for arbeidskraft Jf. Prop. 2 L (2019-2020). På bakgrunn av dette har Vestland fylkeskommune fått ansvar for å forvalte «tilskot til mentor- og traineeordningar»

Tilskot til mentor- og traineeordninga blei etablert av Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi) i 2014 og IMDi forvalta tilskotsordninga til og med 2019. Ordninga er overført til fylkeskommunane med verknad frå 01.01.2020.

Tilskotsramma for i fjor var 9,7 mill. kroner. Av midlane fekk Hordaland fylkeskommune 1, 2 mill. kr fordelt på to prosjekt. Sogn- og Fjordane har ikkje søkt om dette tilskotet. Tilskot for mentor- og traineeordning som Vestland vil forvalta i 2020 er 1 million kr.

Føremål med ordninga er å forbetre inkludering av fagutdanna og høgt kvalifiserte innvandrarar i arbeidslivet, så dei kan bruke kvalifikasjonane sine. Verksemder i privat eller offentleg sektor kan nytta tilskotsordninga til å etablere og gjennomføre eit mentor- og traineeprogram som styrkjer mangfaldet i bedrifta, slik at dei blir tilført ny kompetanse og nye erfaringar.

Ein mentorrelasjon omfattar i hovudsak to personar; mentoren, og den som skal få tilgang til mentoren sine erfaringar og kompetanse, heretter kalla trainee.

Mange deltakarar opplevde deltaking i slike program som positive og melder om auka nettverk, kunnskap og optimisme.

### Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og integrering, jf. vedteke reglement for hovudutval for kultur, idrett og integrering, punkt 3.

### Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Midlar på 1. mill. kr er set av på budsjett. Søkjaren må bidra med eigenfinansiering i form av stillingsressursar, lokalitetar og eller andre driftskostnader. Eventuell medfinansiering frå andre aktørar vil bli vurdert positivt.

**Klima:** Tilskotsordninga vil ikkje ha noko direkte eller indirekte negativ innflytelse på klimaet. Søknader frå organisasjonar som har eit klart mål om klimaendringar vil likevel bli prioritert. Med den strategien vil tilskotsordninga ha ein positiv effekt på klimaendringar.

**Folkehelse:** Folkehelsemeldinga meistring og moglegheiter (St.m.19, 2015) trekker fram at det å vera i arbeid er helsefremmande og kan ha viktige sosiale og psykologiske funksjonar. Tilskotsordninga vil bidra til at fleire innvandrarar får moglegheit til å delta i arbeid og aktivitetar og dermed vil bidra til betre levekår og helse. Å vera i arbeid og aktivitet gir moglegheiter for å delta på ein arena der ein kan føle seg nyttig.

**Regional planstrategi:** Innvandrarar har lågare inntekt og mindre tilgang til arbeidsmarknaden og Vestland fylkeskommune er forplikta til å sikra eit likeverdig samfunn i tråd med FNs bærekraftsmål for innbyggjarane si (Regional planstrategi for Vestland - utfordringar for fylket og for regionane Arkivnr: 2015/1434-769). Ordninga vil hjelpe deltakarar til å vera økonomisk sjølvstendige og vil dermed bidra positivt til regional planstrategi.

Tilskotsordninga vil bidra til oppnåing av fleire av FNs bærekraftsmål som til dømes mål nr. 1 (utrydda fattigdom), 5 (likestilling mellom kjønna), 8 (anstendig arbeid og økonomisk vekst), 10 (mindre ulikheit), 11 (berekraftige byar og samfunn), 13 (stoppe klimaendringane), 16 (fred og rettferd) og 17 (samarbeid for å nå måla).

Tilskotsordninga vil ha eit klart kjønnspektiv. Tilskotsordninga vil følgje ein positiv diskrimineringsstrategi for å sikre deltaking av kvinnelege kandidatar. Dette betyr at ein viss kvote vil vere sett av til kvinnelege kandidatar for å fremme likestilling blant innvandrarbefolkninga i

Vestland fylke. Denne regional-likestillingspolitikken vil igjen bidra til forbedring av Noregs nasjonale likestillingspolitikk generelt og innvandrarbefolkninga spesielt.

Verksemder og organisasjonar i offentleg og privat sektor, frivillige organisasjonar som er registrerte i Frivillighetsregisteret og kommunar kan søkje om tilskot. Søknad om tilskot kan sendast frå ei verksemd eller i samarbeid med fleire. Definisjonen offentlege verksemder omfattar kommunale.

Det kan søkjast om tilskot til etablering og gjennomføring av prosjekt med aktivitetar og tiltak, og nødvendig administrasjon av desse, inkludert prosjektleiing/medarbeidarar.

Søkarane må oppfylle fleire kriterium for å vera kvalifisert for tilskot, slik som:

- eit klart og tydeleg prosjektmålsplan med resultatmål for prosjektet,
- ein strategi for å rekruttera mentorar, trainee
- plan med milepæl
- eit opplegg for både kvalitativ og kvantitativ evaluering og
- vurdering av målsetjing for ordninga og meir.

Det blir forventa at søkjarane er kjent med internasjonal standard for mentorprogrammar utvikla av European Mentoring and Coaching Council (EMCC):

<http://www.ismcp.org/?url=eu/ein/accreditation/ismcp> og rettleiing for mentorprogram utvikla av Likestillingssenteret: <http://likestillingssenteret.heen/mentoring/>

Vurderinga skal skje på grunnlag av og i kva grad tiltaket som får midlar kan bidra til å nå måla for ordninga, og i kva grad ein kan nå målgruppene for tilskotsordninga.

### **Konklusjon**

Fylkesdirektøren ser tilskotsordninga for mentor- og traineeprogram som et viktig bidrag til fylkeskommunane sitt integrerings- og kvalifiseringsarbeid. Det er viktig å få til gode mentor- og traineeprogram og mentor-trainee-relasjonar. Kvalitet vert såleis sentralt, anten tiltaket er lite eller stort.